

MØTEPROTOKOLL

Herdla sokneråd

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd	11. desember-2012	frå kl 18.30 - til 21.30
Sak frå : 59/ 2012 Sak til: 66/ 2012		<u>Møtestad:</u> Kyrkjelydshuset

Frammøtte: 8 av 8 medlemar

Til stades

Medlemer:

Karen Skråmestø, Kjellaug F. Eidsaa, Jonas Bratli, Helge Heggernes, Martin Berland Øystese, Kjell Berland, Astrid Marie Haugland.

Varamedlem: Therese B. Ellingsund

Meldte forfall:

Administrasjonen:

Geir Viksund

Andre frammøtte: Ivar Eidsaa

Underskrifter:

.....
.....
.....

Referat frå møte 13. november vart godkjent.

Sak nr/år

59/2012 Meldingar

Jonas møter i ungdomsutvalet

Karen reiser til møte om kyrkjelydshuset 23. november.

60/2012 Gudstenesteliste

21/10 Kl 11.00 Gotfred Haugland og Erling Kopperud. Dåp. Offer: Amnesty International.

04/11 Kl 11.00 Hanne Zimmermann Ølberg. Nattverd. Allehelgensdag. Ikke offer

18/11 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Åpne dører. Konfirmantinnskrivning.

02/12 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland. Dåp. Offer: Fauskanger YA og Ungdomsklubb. Lys vaken.
Utdeling av 4-årsbok.

- 16/12 Kl 18.00 Astrid Marie Haugland, lysmesse, konf. Presentasjon, Offer Kyrkjelydsarbeidet
24/12 Kl 16.00 Astrid Marie Haugland Offer: Kirkens Nødhjelp
26/12 Kl 11.00 Astrid Marie Haugland, Dåp, Offer Misj. Arb/Leif Heggernes
13/01 Kl 11.00 Johansen, Nattverd, Offer Kyrkjelydsarbeidet

61/2012 Kyrkjelydshuset

Herdla sokneråd støttar Askøy kirkelige fellestråd om å trekkje saka om å overta kyrkjelydshuset på Herdla.

Soknerådet ynskjer framleis å leige huset, inntil det er funne nye lokale for kyrkjelydsarbeidet. Leigeavtalen går ut i 2014, og vi ynskjer at den blir fornya.

Primært ynskjer kyrkjelyden seg lokale i nærleiken av kyrkja, der det er plass til mindre arrangement, som soknerådsmøter, søndagsskule, barne og ungdomsarbeid, kyrkjekaffi, og liknande. For større arrangement må kyrkjelyden kunne bruke andre lokale i soknet. T.d. Bedehusa, eller kommunen sitt planlagde bygg på Herdla Fort.

Soknerådet vil vurdere moglege løysingar for utbygging av det eksisterande servicebygget på kyrkjegarden.

62/2012 Flygelet

Herdla sokneråd kjøper nytt flygel, Yamaha C3, pris Kr 186 500.-, til Herdla kyrkje til 150 års jubileet. Det gamle pianoet blir tatt i bytte for Kr 12 000.-, slik at den endelege prisen blir Kr 174 500.-. Dette var eit spesialtilbod, og no var det berre eit igjen. Dersom dette også seld, ynskjer soknerådet å kjøpe det andre som var prøvd, Yamaha GC2 til ein pris av Kr 139 500.-
Finansiering:

Askøy kirkelige fellestråd vil forskuttere summen og lagar ein avbetalingsplan, slik at flygelet er nedbetalt innan 2017.

Herdla sokneråd vil prøve å finne andre måtar å få inn midlar til flygelet, bl. a. vil vi be kyrkjelyden og næringslivet i soknet om ei jubileumsgåve.

Konsekvensen er at fremste benk i kyrkja må bort for å få plass nok.

Soknerådet ynskjer å fjerne ein benk og finne ein høveleg stad å oppbevare den.

63/2012 Møteplan og program

Tysdag 22/1 – Onsdag 20/2 – Måndag 11/3 – Tysdag 16/4 – Tysdag 14/5 – Onsdag 12/6

64/2012 Program for Kyrkjekonsertane. Reglar.

Kantor i Askøy har sendt ut eit notat, og ber sokneråda vurdere ansvarstilhøva for konsertprogram ved kyrkjekonsertar.

Herdla sokneråd vil gjerne vere med å drøfte moglege måtar dette kan gjerast på, og ynskjer å få framlagt program i god tid før konserten, for å unngå eventuelle konflikter.

65/2012 Brosjyre utdeling

Ny brosjyre for Herdla sokn våren 2013 blir laga like over nyttår. Alle i soknerådet må vera med ein laurdag for å dele dei ut i postkassar.

66/2012 Løn til kasserar.

Herdla sokneråd vedtok å gje kasserar Kr 4 000- for jobben dette året, og vonar han vil halde fram som kasserar.

Neste møte vert tysdag 22. januar 2013

Heggernes, 13/12 2012

Helge Heggernes
skrivar (sign)